



En Til En Arkitekter AS
Øvre Korskirkesmauet 2B
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2566 - 18/32230

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
24.10.2018

Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - GBNR 137/665

Teknisk drift, VA, har den 23.10.2018 fått førespurnad frå avdeling for byggesaker om å handsame søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på gbnr 137/665. På innsendt situasjonskart er det vist 2 murer som går parallelt med kommunal veg. Ingen av murene har tidlegare vore handsama av Teknisk drift, VA.

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (ytterkant mur) og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 2,0 meter.
- Mur skal fundamenterast under botn leidingsnett eller direkte på fjell (bart fjell og ikkje på pakka pukk). Det skal sendast inn fotodokumentasjon på fundamentering av mur. Før det vert gitt ferdigattest for tiltaket skal dokumentasjon på fundamentering være godkjent av Teknisk drift, VA.
- Om vegavdelinga har krav om grøfteareal, må avstand til leidningsnett auke i samvar med deira krav.
- Teknisk drift fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg. Dersom det oppstår skade på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skader.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Teknisk drift sett krav til tiltak som kjem nærare offentleg leidningsnett enn



avstandskrav på 4.0 meter. Vedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» regulert av privatsrettslege regler. Det foreligger difor ikkje formell klageadgang på vedtaket.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingrid Bjørge Pedersen
John Magnus Birkeland

Tuftamyra 2 A 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

En Til En Arkitekter AS

Øvre 5018
Korskirkesmauet
2B

BERGEN